

Forskrift om skulefritidsordninga for skulane, Ullensvang kommune

Heimel: Fastsett av **kommunestyret [dato]** med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5 femte ledd.

§ 1. Eigarforhold

Ullensvang kommune er eigar av dei kommunale skulefritidsordningane (heretter SFO), og dei ulike skulane i kommunen er drivarar av SFO.

§ 2. Opptaksmyndigkeit

Rådmannen er opptaksmynne for opptak i SFO, i Ullensvang kommune.

§ 3. Opptakskriterium

SFO er eit frivillig omsorgs- og aktivitetstilbod. Tilboden gjeld born i 1.-4. klasse og born med særskilde behov i 5.-7. klasse. Alle med bustadadresse i kommunen som har born i 1.-4. klasse kan søkja om plass i SFO. I særskilde høve kan kommunen gje plass til eldre born.

Det må vera minst fire born for at den einskilde skule skal oppretta eit SFO-tilbod.

§ 4. Opptaksperiode, oppseiing og endring

Søknad om plass i SFO vert informert om på kommunen si heimeside og av den einskilde skule. Søknadsfrist er 1. mars. Opptak vert gjennomført seinast 1. april. Dei som søker etter 1. mars, får plass dersom det er ledig kapasitet.

SFO tilbyr primært fem dagars plass, men kan ved førespurdnad og tilby tre dagars plass. Rektor ved den einskilde skule vurderer saman med sektorleiar for skule om det kan bli gjeve tilbod om begge delar.

Tildelt plass i SFO gjeld frå skulestart til plassen vert sagt opp skriftleg av føresette. Eit barn har plass i SFO til barnet sluttar i 4. klasse. Oppseiingstid er ein månad.

Føresette har klagerett på opptaket, etter forvaltningslova § 28. Klage på vedtaket må vera sendt til kommunen seinast tre veker etter at melding om vedtak er motteke, sjå forvaltningslova § 29.

Søknad om SFO-plass gjerast via foreldreportalen [Visma Flyt skole](#).

Søknad om plass i sommar-SFO har frist 1. april. Den einskilde skule har system for påmelding til sommar-SFO.

§ 5. Foreldrebetaling

Retningslinjer for betaling:

1. Kommunestyret fastset betalingssatsane (foreldrebetalinga) som til ei kvar tid skal gjelda for SFO i kommunen. Betaling skal skje på forskot kvar månad.
2. Betaling for kost (matpengar) kjem i tillegg til månadleg betaling for SFO-plass.
3. Endring av betalingssatsane følgjer budsjettåret.
4. Føresette betaler for 10 månadar i året. Ein betaler halv månadsbetaling for juni og august, og det er betalingsfritak i juli månad.
5. Når det er ledig kapasitet i SFO, kan borna kjøpa utvida tilbod eller sporadiske einskilddagar i SFO.
6. Det vert ikkje gjeve betalingsfritak for ferie som vert teke ut i løpet av skuleåret. Det kan søkjast om betalingsfritak ved særskilde tilfelle, til dømes ved alvorleg sjukdom. Dette må dokumenterast.
7. Manglande betaling kan føra til oppseiling av SFO-plassen.
8. Når det gjennomførast sommar-SFO, betaler føresette per veke.
9. Alle elevar på 1. til 3. trinn med plass i SFO, skal få 12 timer gratis SFO per veke. Dette går fram av opplæringsforskrifta § 2-2. Elevar på 5. til 7. trinn med særskilde behov skal få tilbod om gratis SFO. Dette følgjer av opplæringsforskrifta § 2-3. Etter opplæringsforskrifta § 2-4 skal kommunen redusera foreldrebetalinga for SFO på grunn av låg inntekt.

§ 6. Leike- og oppholdsareal

Leike- og oppholdsarealet inne og ute skal vera eigna for SFO. Arealet må vera godt tilrettelagd for leik-, kultur- og fritidsaktivitetar. SFO held til i skulen sine lokale med eigen base. SFO nyttar klasserom og spesialrom.

Kommunen ved rådmannen har ansvar for tilsyn og forvaltning av SFO. Kommunestyret ved kommunelegen har godkjenningsmynde etter *Forskrift om helse og miljø i skoler, barnehager og skolefritidsordninger*.

§ 7. Dagleg oppholdstid og årleg opningstid

Opningstid i SFO vert fastsett av rådmannen. Opningstida i SFO varierer, sjå orientering på www.ullensvang.kommune.no, under den einskilde skule.

Kommunen tilbyr morgen-, ettermiddag- eller heildagstilbod, innanfor opningstida, fem dagar i veka.

SFO er stengd jule- og nyttårsaftan og fem avtalefesta planleggingsdagar i skuleåret. Planleggingsdagane vert vedteke i barnehage- og skuleruta året før. Onsdag før skjærtorsdag stengjer SFO kl. 12.

Det er tilbod om SFO når skulane har sommarferie. Dette tilbodet kan verta organisert i samarbeid med andre skular eller barnehagar i kommunen. Barnet må ta ut minimum fire veker ferie i løpet av eit kalenderår, og tre av desse vekene må vera samanhengjande veker i tida frå midten av juni til midten av august.

§ 8. Personale og leiing

Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFO ved den einskilde skule.

Det skal vera ein vaksen per 15 born, avhengig av alders- og gruppесаманsetjing. For born med særskilde behov for hjelp og omsorg, kan det verta tilsett ekstra personale.

Dei tilsette i SFO må leggja fram politiattest før tilsetting, sjå opplæringslova § 17-11.

Dei tilsette i SFO og administrasjonen har teieplikt vedkomande alle personopplysningar dei i kraft av stillinga si vert kjende med.

§ 9. Samarbeidsutval (heretter SU)

Skulen sitt SU handsamar saker som gjeld SFO. Tilsette i SFO skal ha ein representant i SU. Medlem i SU har teieplikt vedkomande alle personopplysningar dei i kraft av rolla si i SU vert kjende med.

§ 10. Internkontroll

SFO i kommunen har internkontrollsysteem som sikrar kontinuerleg arbeid med helse, miljø og tryggleik og oppfylling av krav etter *Forskrift om helse og miljø i skoler, barnehager og skolefritidsordninger*.

§ 11. Ansvar

Ansvarsfordeling mellom SFO og heimen:

1. Alle borna i SFO er ulukkesforsikra gjennom kommunen si forsikringsordning.
2. Personalet har ansvar for borna i SFO si opningstid. Levering og henting er føresette sitt ansvar.
3. Om borna skal gå fra SFO åleine, skal det vera skriftleg avtale mellom føresette og SFO om dette.
4. Personalet kan ta med borna i eigen bil når det er gjort skriftleg avtale med føresette. Det må vera godkjend sikringsutstyr i bilen. Personalet må gje skriftleg fråsegn om at bilen som vert nytta er i forskriftsmessig stand.
5. Det vert ikkje gjeve erstatning ved tap og/eller skade på eigendalar eller klede.

§ 12. Endringar i forskrifta

Endringar i forskrifta skal handsamast i kommunestyret. Framlegg om endringar vert lagt fram for foreldrearbeidsutval (FAU) og SU i god tid før endeleg vedtak. Endringar som følgje av endra lovverk eller politiske vedtak, kan gjerast administrativt med melding til kommunestyret.

§ 13. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft straks.

Vedtekter for SFO, vedteke 26.02.2020, sist endra 21.06.2023, er oppheva.